



Arkivnr: 2015/2073-203

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av NDLA - Del 2

Bakgrunn for saka:

Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak PS 73/17 i møte 04.10.2017:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon av Nasjonal digital læringsarena (NDLA) – Del II ber fylkestinget fylkesrådmannen og NDLA om syta for å:

1. Sikre at alle medarbeidarar i NDLA er tilstrekkeleg informert om relevante rutinar og internkontrolltiltak knytt til anskaffingar og innkjøp.
2. Etablere rutinar for fakturahandsaming som sikrar at det blir utført kontroll av at fakturaar frå leverandørar inneheld all naudsynt informasjon.
3. Fullføre arbeidet med å etablere rutinar for kommunikasjon og rapportering mellom dagleg leiing og styret
4. Tydeleggjere overfor medarbeidarane i NDLA kven som har kva roller i samarbeidet når det gjeld innkjøp, samt korleis NDLA er organisert med omsyn til bestilling og avgjersler rundt utviklingsarbeid.
5. Gå gjennom og avklarar med dei ulike involverte partane korleis handsaming av personopplysningar om NDLA sine brukarar skal organiserast og dokumenterast, og inngår databehandlaravtalar som manglar for å sikre at handsaming av personopplysningar blir regulert i samsvar med gjeldande regelverk
6. Sikre at alle medarbeidarar i NDLA er tilstrekkeleg informert om system og rutinar for:
 1. Avviksmelding og -handtering.
 2. Varsling om kritikkverdige forhold.
7. Sikre at medarbeidarar som varslar om kritikkverdige forhold i samsvar med arbeidsmiljølova, blir følgt opp og teke hand om i samsvar med gjeldande føresegn om vern mot gjengjelding ved varsling.
8. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.11.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Handlingsplan i tråd med punkt 8 i vedtaket over vart handsama i kontrollutvalet 18.12.2017 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon av NDLA – Del 2.*
2. *På bakgrunn av at det meste av forbetningsarbeidet skal vera ferdig i løpet av første kvartal 2018 ber kontrollutvalet om ny skriftleg tilbakemelding på punkta 3, 5, 6 og 7 innan 16.04.2018.*

Oppfølging i tråd med punkt 2 i vedtaket over vart handsama i kontrollutvalet 07.05.2018 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ser positivt på det forbetningsarbeidet som er gjort så langt i høve forvaltningsrevisjon av NDLA – Del 2.*
2. *På bakgrunn av at forbetningsarbeidet i hovudsak ikkje vil vera ferdig før utgangen av første halvår 2018 ber kontrollutvalet om ny skriftleg tilbakemelding, inkludert aktuell dokumentasjon, på punkta 3, 5, 6 og 7 innan 03.09.2018.*

Drøfting:

Vi har motteke skriftleg tilbakemelding i form av vedlagte notat m/vedlegg dagsett 24.08.2018 i tråd med punkt 2 i vedtaket over.

Av tilbakemeldinga registrerer sekretariatet at det meste er gjort for å få på plass forbetningar etter gjennomført forvaltningsrevisjonsrapport NDLA – Del 2. Kontrollutvalet bør seie seg nøgd med det arbeidet som er gjort og seie seg ferdig med saka.

Konklusjon:

På bakgrunn av det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå NDLA når det gjeld forvaltningsrevisjon av NDLA – Del 2.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå NDLA når det gjeld forvaltningsrevisjon av NDLA – Del 2 og seier seg ferdig med saka.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

1 Svar på Partsbrev datert 11.05.2018

- 2 Vedlegg til punkt 3- Rutinar for kommunikasjon og rapportering
- 3 Vedlegg til punkt 5 Databehandleravtale
- 4 Vedlegg til punkt 6 (6.1) Rutinar og Quiz - avvikshandtering
- 5 Vedlegg til punkt 6 (6.2) Rutinar og quiz foe varsling
- 6 Vedlegg til punkt 6 (6.3) Plan for trivsel, utvikling og trygghet i NDLA
- 7 Vedlegg til punkt 7 Rutinar og quiz innkjøp